



Luster kommune



# NYTT UNDER STOREN 3-16

Internavis for Luster kommune

## Julehelsing

### Gode medarbeidar.

2016 går mot slutten.

Me gjekk inn i året med trussel om tap på inntektssystemet og ut av året med prognose om stort tap av eigerskattinntekter. Tek me med eit mellomrom dette året med reformer på fleire kantar så er dei store kommuneoverskriftene i Luster refererte.

Heldigvis så er det og langt meir positive hendingar og aktivitetar og sjå tilbake på om ein går forbi dei nemnde overskriftene.

Når 2016 lir mot slutten så viser det seg at me har fått gjort mykje av det me la planar om å gjere. Omstillingsarbeidet innan omsorgstenesta fekk sitt vedtak og går gradvis framover som planlagt. Med ombygging og utbygging av Hafslo barne- og ungdomsskule fekk me ferdigstilt flotte skulelokala til skulestart og mange andre små og store tiltak er på plass.

Drifta og tenestene vert haldne oppe med gode resultat. Mange tilsette gjer ein flott jobb for å sikra dette.

Rapporteringa som når meg dokumenterer at det skjer mykje godt arbeid i kommunen. Det er ikkje kommuneleiinga som skal ha æra for dette, men deg som til dagleg møter brukarar og innbyggjarar.

Små og store hendingar har avløyst kvarandre både kommunalt og elles i kommunen.

Når eg sit og blar i julenummeret av Lustranytt så er det flott dokumentasjon på mykje av dette, stor aktivitet og positiv aktivitet i lokalsamfunna våre. Me greier og å auka folketalet i kommunen, i følge SSB så bereknar dei no at det er 5173 lustringar ved årsskiftet, 80 fleire enn for eit år sida.

Det er positivt å sjå at mange utviklings- og utbyggingstiltak der kommunen er aktiv aktør vert realiserte.

På mange område vert det arbeidd aktivt for å nå målsetjingar i kommuneplanen; me skal ha ein god kommune å bu i, ein god kommune å besøke og ein god kommune å drive bedrift i.

Eg meiner me lukkast bra i dette arbeidet samtidig som det er mykje å ta tak i både av små og store oppgåver i tida som kjem.

Med budsjettvedtak i kommunestyret 16.12 har me fått oppdrag og oppgåver for 2017. Eg håpar me skal få til eit godt arbeid med desse.

Men først er det jul og nokre rolege dagar for dei fleste.

Eg håpar de alle får tid til å senka skuldrane litt og god tid til dei næraste i familie og venner.

Det er tid for å takka for god innsats, eg takkar for godt samarbeid, gode samtalar og innspel.

Eg ynskjer deg og dine ei retteleg god jul og godt nyttår.



Jarle Skarv

God Jul og  
Godt nyttår!



# PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune (fast tilsette),  
perioden 11.08.2016 - 31.12.2016

## Velkomen!

### Økonomiavdelinga:

Berit Tandle Kroken – rådgjevar

### Personalavdelinga:

Olaug Marie Bjelde – rådgjevar

### Luster sjukeheimsteneste:

Helene Magistad Olsen – sjukepleiar

### ATS:

Anna Andrea Bergset – miljøterapeut

### Luster ungdomsskule:

Tonje Helene Været Bremer - lærar

## Takk for innsatsen!

### Økonomiavdelinga:

Venke Kvalsøren – konsulent

### Luster sjukeheimsteneste:

Else Haugsbø – hjelpepleiar

### Luster ungdomsskule:

Oddlaug Leirdal - Adjunkt

## Julegåve 2016

Dei siste åra har julegåve til alle tilsette blitt erstatta med ei gåve til eit godt føremål.

Luster Kommune gir i år julegåva på kroner 25.000,- til Barnekreftforeninga.

I 2013 fekk hjelpearbeidet på Fillippinane julegåve,  
i 2014 fekk Leger utan grenser gåva og i  
2015 gjekk den til Redd Barna.

Arbeidsmiljøutvalet ynskjer at julegåva i år  
går til ein nasjonal/regional organisasjon  
som jobbar for barn.

Valet fall på Barnekreftforeninga.

Barnekreftforeninga har sendt  
takkehelsing for gåva.



## Informasjon

### Kilometergodtgjersle:

Sats pr kilometer er kr 4,10, men den skattefrie satsen er sett ned til kr 3,50. Det vil sei at ein må betale skatt av kr 0,60 pr kilometer.

### Medarbeiderundersøking:

Luster Kommune tek i bruk KS sitt nye verktøy kalla «10 faktor».

10-FAKTOR er ein medarbeiderundersøking som er:

#### Forskningsbasert

10-FAKTOR bygger på forskning om kva som er viktige innsatsfaktorer for å oppnå gode resultat.

#### Fokusert og avgrensa

10-FAKTOR er avgrensa til 10 faktorer, som er dokumentert viktige. Det skal ta kort tid å svare på undersøkinga.

#### Både medarbeiderskaps- og leiarorientert

10-FAKTOR fanger opp viktige faktorer på medarbeidar-, gruppe-, organisasjons- og leiarnivå.

#### Utviklingsorientert

10-FAKTOR skal danne grunnlag for medarbeider-, organisasjons- og leiarutvikling.

Undersøkinga blir gjennomført første kvartal 2017 og gjeld alle tilsette.

Den er nettbasert. Undersøkinga blir følgt opp med medarbeidarsamtaler.



[Lenkje til meir om KS 10-faktor](#)

### Heiltidskultur:

Luster kommune har sidan 2003 arbeid systematisk og kontinuerleg med å redusere deltid.

Størst mogleg grad av heiltid blir vurdert som tenleg både frå tilsette og arbeidsgivar sitt perspektiv.


Det er i desember 2016 sendt ut informasjon om dette og elektronisk kartleggings skjema til alle tilsette. Gjennom kartlegginga ynskjer me å få oversikt over deltidstilsette som ynskjer auka stilling.

Kartleggings skjema er tilgjengeleg på Heimesida og i LKK til 01.01.17.

# KOMPETANSE/REKRUTTERING

# KVALITETSARBEID

# ORGANISASJONSUTVIKLING



## Budsjettarbeidet - vegen vidare

Me har i nokre år snakka og skreve om at kommuneøkonomien vert meir og meir krevjande. 2016 vart året me fekk varsel om inntektssvikt både i inntektssystemet og eigedomsskatt. Oppdaterte kostnadsnøklar, kommunereforma og dårlege straumprisar over tid verka alle same vegen ved at inntektene går ned. Me må gjerne planleggja med at inntektene går ned med om lag 20 million kroner pr år.

Etter 3-4 år med generell innstramming og gjennomføring av tiltak for å tilpassa økonomien til rammene står me no framfor ei større utfordring som det vert svært krevjande å greie. Formannskapet og no kommunestyret har arbeidd med desse utfordringane og 16.12. vart det vedteke budsjett og økonomiplan(4-års plan) for dette arbeidet.

Generell innstramming og reduserte rammer for dei store tenestene, omsorgstenesta og grunnskule, skal så langt som tilrådeleg gjennomførast i lys av noverande og vedteken struktur. Det er det ein plan for i 2017 og me må så i tillegg bruke reservar og fond for å få budsjettet i balanse. Utover dette har kommunestyret vedteke at det skal gjennomførast grundige utgreiingar både for inntekts- og utgiftssida i budsjettet.

Når det gjeld inntekter så skal det leggjast til rette for utviding av eigedomsskatteordning til å omfatta fast eigedom i kommunen. Det er ei stor sak med mange vurderingar der det er for tidleg å seie noko eksakt om endeleg ordning og inntekter, men det er lagt inn inntekter i 2018, 6,5 mill og 8 mill vidare i perioden for å hjelpe på balansen.

Når det gjeld utgifter og oppgåver så er det vedteke at det skal gjerast ein større «kommuneanalyse.» Alle tenesteområda med unntak av omsorgstenesta skal under lupa i 2017. Kostnads- og tenestnivået, effektivisering og prioritering av oppgåver for å redusere ressursbruk vil vere sentralt i dette arbeidet.

Omsorgstenesta vil verta vurdert nærare i 2018/19 i samband med evaluering av omstillingsarbeidet som får ny organisering frå 01.01.17.

Utgreiingsarbeidet i 2017 vil påreknleg ta utgangspunkt i ein analyse utarbeidd av ekstern kompetanse. Dette arbeidet vil bli starta på nyåret. Det er vedteke at ein særskilt skal sjå på skulestrukturen gjennom denne analysen eller som ei eiga utgreiing. Formannskapet vil i løpet av januar ta nærare stilling til korleis dette arbeidet skal gjerast. Slik planane no ligg føre så må driftsnivået pr år ned med meir enn 10 million kroner utover det som ligg i 2017-budsjettet. Mykje av dette i 2018 og så full effekt frå 2019/20.

Tala som vert nytta i plandokumenta kan gjerne seiast vere noko usikre og vert neppe akkurat slik, men det vil ikkje vere ansvarleg å ikkje planleggje for at driftsbalansen må betrast i storleiksorden 20 million kroner.

**Det vert eit krevjande arbeid som de vil få høyra meir om og delta i.**

## Vidareutdanningar i omsorgstenesta 2016 - 2018

Tre tilsette på Hafslo, Judith Gausdal, Marit Horne Skjerven og Linda Grønsberg starta i august med vidareutdanning innan demensomsorga på Fagskolen Aldring og Helse i Tønsberg. Deltidsstudiet går over to år. Studiet har fellessamlingar, heimeoppgåver og samlingar via nettet. Dette er viktig kompetanse for Hafslo når dei skal bygge opp eit kompetansesenter innan demensomsorga.

Ole Petter Veum, sjukepleiar i Gaupne tar vidareutdanning i psykisk helsearbeid i Førde. Dette er ein viktig kompetanse for tenesta då kommunen frå januar 2017 får eit utvida ansvar for psykiatri og rus.

Kjell Olav Bondevik, fagutviklar i pleie og omsorg, tek vidareutdanning i avansert gerontologi i Bergen. Dette er eit studium som har fokus på utdanning av reflekterte sjukepleiarar der sjukepleiarane mellom anna skal styrkast på å organisere tenestene i samarbeid med dei eldre, pårørande, andre yrkesgrupper og frivillige.

Heidi Bolstad og Monica Kalhagen har starta vidareutdanning i akuttsjukepleie i Førde. Denne vidareutdanninga er ein særskilt god kompetanse å ha med seg i alle einingar der ein skal behandle og gi omsorg til eldre.

## Årshjulstiltak 2016



### Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering
- Rekneskap og årsmelding (frå einingane)
- Leiardialogen
- Medarbeidarsamtalar
- Brukarundersøking barnehage
- Rekneskap og årsmelding (rådmannen)
- Brukarundersøking skule
- Vernerunde
- Tenesteplan (frå einingane)
- Tertialrapport T2
- Introduksjonsseminar
- Budsjett og økonomiplan

### Komande tiltak:

- Årsrapportering
- Medarbeidarundersøking

## Strategi for Rekruttering og kompetanseutvikling

Noverande plan for tida 2013-16 skal vurderast på ny. Arbeidsmiljøutvalet vart informert om saka og korleis ein vil organisere arbeidet i møte 29.11.16. Ei arbeidsgruppe med to tillitsvalte og to frå personaladministrasjonen startar med dette arbeidet i januar/februar 2017.

Samstundes skal det utarbeidast ny årleg tiltaksplan for rekruttering og kompetanseutvikling.

## Handlingsplan for HMT, IA og BHT 2017

Personaladministrasjonen arbeidar ut framlegg til handlingsplan og sender den ut på høyring til organisasjonane og Arbeidsmiljøutvalet.

Vår samarbeidspart og leverandør av bedriftshelsetenester er Stamina.

## Bygdebok som julegåve?




Om du enno ikkje har alle pakkene i boks, er bygdebøker og anna lokalhistorisk litteratur ei ypparleg julegåve.

Bygdeboka kostar kr 750 pr stk. Kjøper du ein serie på 3 ulike bøker eller meir, er prisen kr 500 for bok nr 3 og oppover. Til no er det utkome 10 band (nr 1 er utseld).

[Sjå bandinndelinga her](#)

[Her finn du tingskupong for Lokalhistoriske publikasjonar](#)

**NB! Lokalhistorisk årbok nr. 7 er akkurat utgjeven, løp og kjøp!**



## Ny heimeside

I starten på desember fekk me ny heimeside. Det har vore eit samarbeidsprosjekt med Sogndal og Leikanger som også har nye sider.

### Informasjon til tilsette:

Menyen til tilsette ligg framleis i toppmenyen på sida. Her finn du pålogging til kvalitetssystemet, kommunal epost, Nytt under Storen ligg her, e-læring, du registrerer kompetansen din, og no fram til 1. januar ligg det tilgang til å melde inn om du ønskjer å gå i større stilling.

### Fann du det du leitte etter?

Me ønskjer å ha ei så god nettside som mogleg, og vil utvikle den utifrå tilbakemeldingar me får, m.a ser me at det er potensiale til å gjere sida meir brukarvenleg med digitale løysingar. Det er høve til å kome med innspel til nettsida via den nye funksjonen, fann du det du leitte etter. Har du andre innspel, send gjerne ein epost til [anita.bjork.ruud@luster.kommune.no](mailto:anita.bjork.ruud@luster.kommune.no).

## Opplæring for verneombod

Stamina held grunnkurs for verneombod 29-30 mars, Sogndal. Det kan og bli aktuelt å arrangere eit kurs i Luster der tema er «gjennomføring av vernerunde og oppfølging av vernerunde».

Ta kontakt med Hovudverneombodet i Luster kommune, Svein Tore Heltne, om du er nyvalt verneombod og treng opplæring – eller om du har behov for oppfrisking.

## Nye retningslinjer for politiattest i arbeidstilhøve

Frå 01.01.17 må også dei som jobbar i omsorgstenesta legge fram politiattest før oppstart i arbeid. Jammfør helse og omsorgstenestelova §4 og 5.

Frå før må dei som jobbar med barn og ungdom legge fram slik attest

## Lærlingar i Luster kommune:

Luster kommune har hatt medlemsskapsavtale med OKOS (Opplæringskontoret for offentlege tenester) – for rettleiing, hjelp og oppfølging av kommunen som lærebedrift og i høve den enkelte lærling. Denne avtalen er sagt opp med verknad frå 01.03.17.

Grunngjevinga for det er kvaliteten i samarbeidet og den oppfølginga kommunen har fått.

Det vil bli gjort ny avtale med SOK (Sogn opplæringskontor).

## Sjukefråvær i Luster kommune

